

Snunad i marknaden

Vi har bak oss første veka i nytt år og denne gongen vart årsskiftet verkeleg eit skifte for kraftmarknaden. Brått vart det vinter, og so vel spotprisar som prisane lengre fram i den sokalla terminmarknaden, fekk eit stort prisløft. Som det framgår av tabellen under steig spotprisen til 52,7 øre for veke 1 og dette var i overkant av ei dobling av spotprisen frå romjulsveka. Drygt 50 øre er stor oppgang, men det må likevel seiast at det er ein relativt normal vinterpris for ei januarveke. Etter eit 2020 med ekstremt låge prisar er vi brått attende i kvardagen.

Grunnlaget for oppgangen er ei betydeleg omlegging av vêrbiletet. Dette gjeld temperatur, men òg nedbør og vind. Det er blitt kaldt til forskjell for svært mildt i haust, og dette gir stor oppgang i kraftforbruket. Samstundes er uregulert tilsgilgjet frose til. På dagar med høgtrykk og godvêr er det òg mindre vind. Det vert også utveksla fleire gigawatt med kontinentet til relativt høge prisar. Sjøl om vi framleis har mykje vatn i nordiske magasin, godt over normalen, so vert det slike dagar mangel på effekt og dyrare produksjon må inn for å klarere marknaden.

I romjula vart også Ringhals1-reaktoren stansa for godt. Dette var den siste av 4 svenske reaktorar som fell for aldersgrensa no i 2019 og 2020. Reaktoren var på 880MW og er no endeleg ute av nordisk produksjonskapasitet. På kalde dagar med lite vind var reaktoren god å ha.

11.01.2021

For Tussa-24 AS


Tor W. Havåg

Kraftanalytiker, Tussa Energi AS

Rapportperiode	Veke 53 2020	Veke 1 2021	
Spotpris, NO3, Midt-Noreg (Nordpool)	23,0 øre/kWh	52,7 øre/kWh	↑
Områdeledd, NO3, Midt-Noreg (Nordpool)	-2,7 øre/kWh	0,8 øre/kWh	↑
Utteksling mot Norden, siste veke (Nordpool)	0,781 TWh eksport	0,397 TWh eksport	
Kroneverdi mot Euro, siste veke (Noregs Bank)	10,53 NOK/Euro	10,39 NOK/Euro	→
Rapportdato	04.01.2021	11.01.2021	
Hydrologisk magasin Norden, normalavvik (SKM)	22,9 TWh	17,9 TWh	↓
Terminmarknadspris, engros 2022 (Nasdaq C.)	29,3 øre/kWh	28,9 øre/kWh	→
Oljepris (Brent, frontmåned, ICE)	52,0 \$/fat	55,2 \$/fat	↑
Kolpris, (2022 API2, ICE)	71,1 \$/tonn	72,0 \$/tonn	→
Klimakostnad, CO2-pris dec 2021 (ICE)	33,3 Euro/tonn	34,8 Euro/tonn	↗
Nordisk kjernekraft, % av full kapasitet (Montel)	99 %	99 %	→

Pilane viser faktoren si utvikling frå førre periode medan **fargen** viser prispåverknad; **raud = opp**, **grøn = ned**, **blå = stabil**

Prisutvikling per veke, terminmarknad frontår - siste seks månader



Vil du vite meir? Kontakt oss i dag!

Margrete Heltne Hovde
Salssjef energi, Tussa-24 AS
913 18 340
margrete.hovde@tussa.no

tussa.no

